

# Søknad om konsesjon for Kleivelvi kraftverk, Voss Kommune, Hordaland



Mjølfjell  
Ungdomsherberge AS  
[2016]

NVE – Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Deres ref.:  
Vår ref.: R. Dyrkolbotn  
Dato: 17.11.2016

## **SØKNAD OM KONSESJON FOR BYGGING AV KLEIVELVI KRAFTVERK**

Mjølfjell Ungdomsherberge AS ynskjer å nytte vassfallet i Kleivelvi i Voss Kommune i Hordaland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

### **I Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:**

- å bygge Kleivelvi kraftverk.

### **II Etter energiloven om løyve til:**

- bygging og drift av Kleivelvi kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle naudsynte opplysingar om tiltaket.

Med venleg helsing



---

For Mjølfjell Ungdomsherberge AS  
Rune Dyrkolbotn

## Samandrag

Kleivelvi ligg i Voss kommune i Hordaland fylke. Utbyggjar er Mjølfjell Ungdomsherberge AS. Det er i utbygginga planlagt å oppgradera det eksisterande Kleivafoss kraftverk som vart oppført i 1946. Kraftverket har forsynt Mjølfjell Ungdomsherberge med straum frem til i dag, samt forsynt heile Mjølfjellområdet frem til på midten av 60 talet.

Kraftverket går fortsatt, og det er mogeleg å få komma inn og sjå prosessen etter avtale. Anlegget er gammalt med turbin frå 1914, og med røyrgate og dam av tre. Planen i denne utbygginga er å oppgradera kraftverket slik at ein på ein betre måte nyttar dei store vassmengdene i området til fornybar energi, og redusera dagens vedlikeholdsbehov.

Inntaket i Kleivelvi er på kote 700 og kraftstasjonen ligg på kote 677 og har altså eit brutto fall på 23 meter. Lengda på ny røyrgata vil verta om lag 175 meter lang og er plassert på nordaust sida av elva. Røyrgata er tenkt nedgraven same stad der dagens røyrgate ligg oppå terrenget i dag. Det skal nyttast 1400 mm røyr. Utbygginga berører ein elvestrekning på om lag 200 meter. Det er planlagt å installere ein Francis turbin med ein installert effekt på 0,67 MW der dagens installasjon er 0,2 MW. Tiltaket vil gje ein midlare årsproduksjon på 3,7 GWh mot dagens produksjon på 1,0 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 375 l/s, mens ein i dag ikkje har krav om slepp av minstevassføring.

Det er beskrive ei alternativ utbyggingsløysing som er nokså lik hovudalternativet, men som i flomperiodar nyttar noko meir av vatnet. Denne løysinga vil ha same inngrepa men produsera 4,4 GWh. Samtidig blir skilnaden for vassføringa i elva liten.

Den klimatiske tregrensa ligg ca. 800 moh., men skogen er pressa ned av steinras og snøskred. Influensområdet ligg nedanfor tregrensa. Vegetasjonen her er dominert av blåbærskog og bjørkeskog, og området kring Kleivelvi består stort sett av bart fjell. Området har eit slakt fall, med ein foss rett nedstraums inntaket, og eit litt slakare fall lengre ned ved avlaupet. Det er ikkje gjort funn av raudlisteartar eller verdifulle naturtypar i influensområdet. Biologisk mangfold rapporten konkluderer med at tiltaket samla sett vil ha *liten negativ verknad for biologisk mangfold*.



Bilde 1: Flyfoto over området kring Kleivelvi.

<b>Fylke:</b> Hordaland	<b>Kommune:</b> Voss	<b>Gnr./Bnr.:</b> 151/20	<b>Elv:</b> Kleivelvi
<b>Nedbørsfelt:</b> 96.31	<b>Inntak / utløp kote:</b> 700/677	<b>Slukeevne (maks):</b> 3,4 m <sup>3</sup> /s	<b>Slukeevne (min):</b> 0,69 m <sup>3</sup> /s
<b>Installert effekt:</b> 0,67 MW	<b>Årsproduksjon:</b> 3,7 GWh	<b>Utbyggingspris</b> 3,05 kr/kWh	<b>Utbyggingskostnad:</b> 11,3 mill. kr

## Innhold

<b>Søknad om konsesjon for bygging av kleivelvi kraftverk.....</b>	<b>1</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>2</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>5</b>
1.1 Om søkeren .....	5
1.2 Grunngjeving for tiltaket .....	5
1.3 Geografisk plassering av tiltaket .....	5
1.4 Skildring av området.....	6
1.5 Eksisterande inngrep.....	7
1.6 Samanlikning med nærliggjande vassdrag.....	8
<b>2 Skildring av tiltaket .....</b>	<b>10</b>
2.1 Hovuddata .....	10
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet.....	12
2.3 Kostnadsoverslag .....	22
2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket .....	22
2.5 Arealbruk og eigedomsforhold .....	23
2.6 Forhold til offentlege planar og nasjonale føringer.....	24
<b>3 Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn .....</b>	<b>25</b>
3.1 Hydrologi.....	25
3.2 Vasstempertatur, istilhøve og lokalklima.....	28
3.3 Grunnvatn .....	28
3.4 Ras, flaum og erosjon .....	28
3.5 Raudlisteartar .....	29
3.6 Terrestrisk miljø .....	29
3.7 Akvatisk miljø .....	30
3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	30
3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde.....	31
3.10 Kulturminne og kulturmiljø .....	33
3.11 Reindrift .....	33
3.12 Jord- og skogressursar .....	33
3.13 Ferskvassressursar .....	33
3.14 Brukarinteresser .....	33
3.15 Samfunnsmessige verknadar .....	34
3.16 Kraftliner.....	34
3.17 Dam og trykkrøyri .....	34
3.18 Ev. alternative utbyggingsløysingar .....	35
3.19 Samla vurdering .....	36
3.20 Samla belastning .....	37
<b>4 Avbøtande tiltak.....</b>	<b>37</b>
<b>5 Referansar og grunnlagsdata.....</b>	<b>39</b>
<b>6 Vedlegg til søknaden .....</b>	<b>39</b>

## 1 Innleiing

### 1.1 Om sokjaren

Tiltaket i Kleivelvi vil få namnet "Kleivelvi kraftverk".

Utbyggjar er:

Mjølfjell Ungdomsherberge AS

Org. Nr. 966915560

Mjølfjell

5706 Voss

Kontaktperson

Rune Dyrkolbotn

[runed@energi-teknikk.no](mailto:runed@energi-teknikk.no)


+47 93094308

### 1.2 Grunngjeving for tiltaket

Mjølfjell Ungdomsherberge er ei overnatningsbedrift som konkurrerar i eit svært konkurransesett marknad. Ein av fordelane bedrifa har hatt, er den billige krafta ein har nytta frå det tilhøyrande Kleivafossen kraftverk. Det eksisterande kraftverket er gammalt og krever mykje vedlikehald. I tillegg utnyttar kraftverket berre ein liten del av produksjonspotensialet. Utbyggjar ynskjer difor å oppgradera / bytte ut dagens kraftverk med eit meir moderne og noko større kraftverk. Dette er ei ombygging med akseptabel utbyggingskostnad og med forholdsvis små miljømessige konsekvensar. Ein ønskjer også å ta vare på delar av eksisterande kraftverk for å syna den historiske utviklinga i området.

### 1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Utbygginga ligg nordaust for Voss sentrum, og heilt i utkanten av Voss kommune i Hordaland fylke. Kleivelvi er ein del av Vossavassdraget, 062.F. Næraste tettstad er Voss sentrum omkring 38 km sørvest for utbygginga. Omkring 400 meter nordvest for kraftstasjonen ligg Mjølfjell Ungdomsherberge, fjellstove og vandreheim. Utbyggingsområdet er merka med raudt i figur 2.




Bilde 2: Utbyggingsområdet merka med raud ring.

#### 1.4 Skildring av området

Området ligg øvst i Raundalen, nordaust frå Voss sentrum. Utbygginga ligg i nærleiken av Bergensbanen og Rallarvegen, omkring 400 meter frå Mjølfjell Ungdomsherberge, som i dag er fjellstove og vandreheim. Kleivelvi er ein del av Vossavassdraget, som strekk seg over 6 kommunar, Voss, Aurland, Ulvik, Vik, Kvam og Vaksdal. Vossavassdraget har eit høgdenivå frå 47-1604 moh. Utbygginga ligg ved foten av Mjølfjell i sør og Eilivseggi i nordaust, i nærleiken av Flåmsdalen og Myrdal som er populære turistområde. Fylkesveg 307 går fram til Mjølfjell Ungdomsherberge, der i frå går Rallarvegen vidare mot Uppsete, på austsida av Kleivelvi.

Utbygginga ligg mellom 700 og 677 moh. Det er veltikomst til kraftstasjonen frå Rallarvegen. Området heller slakt. Rett nedstraums inntaket er der eit fossefall, strekninga frå fossen og nedover elvestrekningen er prega av stryk, spesielt når det er mykje vatn i elva. Der er også eit mindre fall ved avlaupet frå kraftstasjonen. Influensområdet er ikkje synleg frå fylkesvegen, men er delvis synleg frå Rallarvegen. Området har ein berggrunn av kvartsitt og andre harde bergartar som gjev lite næring til vegetasjon, men er godt motstandsdyktige mot erosjon. Elles er området kring prega av blåbærskog og bjørkeskog, medan området kring elva er prega av mykje bart fjell.

Kleivelvi er ikkje spesielt verdifull med tanke på fisk og ferskvassorganismar (Biologisk mangfold rapport). Nedslagsfeltet til Kleivelvi har eit areal på 96,31km<sup>2</sup>, og strekkjer seg frå 700 moh til 1600 moh.



Bilde 3: Kart med eksisterande inngrep.

### 1.5 Eksisterande inngrep

Utbygginga omfattar det eksisterande kraftverket, Kleivafoss kraftverk som vart oppført i 1946. Planen er å oppgradera det eksisterande anlegget til dagens standard samt auka slukeevna og dermed effekten på anlegget. Dagens anlegg er på 0,2 MW og produserar om lag 1,0 GWh i eit middels år.

Det går ei eksisterande kraftline på 22 kV forbi stasjonen i underkant av 10 meters avstand, anlegget er kopla til denne i dag, det er også planen etter utbygginga. Fylkesveg 307 går på nordsida av Kleivelvi fram til Mjølfjell Ungdomsherberge omkring 400 meter frå utbygginga, vidare der i frå går Rallarvegen forbi kraftverket. Det er vegtilkomst til stasjonsområdet frå Rallarvegen. Omkring 200 meter nord for kraftverket passerer Bergensbanen. Aust for utbygginga ligg det fire hytter med ein avstand til inntaksdammen frå omkring 200 meter til 400 meter. Hyttene har gards og bruksnummer 56/11, 56/14, 56/16 og 56/15. Elles er det ingen eksisterande busetnadar, bygningar eller anlegg i nærleiken.



Bilde 4: Flyfoto av Kleivafoss kraftverk og området kring. Kleivelvi er merka med pil.

## 1.6 Samanlikning med nærliggjande vassdrag

I Voss kommune ligg der mange kraftverk. Utbygginga som her søker om omfattar oppgradering og fornying av det eksisterande kraftverket Kleivafossen, øvst i tabellen under.


Ein har her lista opp dei nærmeste kraftverka i drift.

Kraftverk	Effekt	Produksjon	Avstand	Retning
Kleivafossen	0,2 MW	1,0 GWh	0	-
Jordalen kraftverk	0,45 MW	1,3 GWh	23,6 km	NordVest
Vinjadalen	0,08 MW	0,6 GWh	24 km	NordVest
Hodnaberg	32,5 MW	94,5 GWh	43 km	SørVest
Eimstad	0,02 MW	0,15	36 km	Vest
Rognsfossen	6 MW	30,6 GWh	29 km	Vest
Syrifossen	2,84 MW	8,2 GWh	34 km	Vest
Oksebotn	11 MW	44 GWh	37 km	NordVest
Palmafossen	0,31 MW	1,5 GWh	27 km	SørVest
Rasdalen kraftverk	5,2 MW	19,7 GWh	54 km	SørVest
Evanger	330 MW	1435 GWh	44 km	SørVest
Holmen kraftverk	25 MW	80 GWh	23 km	NordVest
Bulko	2,35 MW	7,5 GWh	26 km	SørVest

Det er også fleire søknader som er under behandling hos NVE: Haugamoen kraftverk, Tverrelvi kraftverk, Kvernhusgrovi kraftverk, Bjørndalen kraftverk, Togrovi kraftverk, Storagrovi kraftverk, Møyåni kraftverk og Urdlandselvi kraftverk.

Vossovassdraget (062.F) er eit verna vassdrag, og er geofagleg verdifullt. Vassdraget har ei lang lakseførande strekning, og spor etter jernalderen ved elva gjer den verdifull. Fleire av dei

nemnde kraftverka over ligg i dette vassdraget, til dømes Rognsfossen, Eimstad, og dels Syrifossen.



Bilde 5: Kart som viser nærliggjande vassdrag i Voss kommune (NVE Atlas).

## 2 Skildring av tiltaket

### 2.1 Hovuddata

Kleivelvi		Hovudalternativ	Alt. 2	Dagens anlegg
<b>TILSIG</b>				
Nedbørfelt*	km <sup>2</sup>	96	96	96
Årlig tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	219	219	219
Spesifikk avrenning	l/s/km <sup>2</sup>	72	72	72
Middelvassføring	l/s	6960	6960	6960
Alminnelig lågvassføring	l/s	375	375	375
5-percentil sommar (1/5-30/9)	l/s	2386	2386	2386
5-percentil vinter (1/10-30/4)	l/s	312	312	312
Restvassføring**	l/s	3,3	3,3	3,3
<b>KRAFTVERK</b>				
Inntak	moh.	700	700	700
Magasinvolum	m <sup>3</sup>	250	250	250
Avløp	moh.	677	677	677
Lengde på råka elvestrekning	m	200	200	200
Brutto fallhøgd	m	23	23	23
Gjennomsnittlig energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>	0,017	0,02	0,004
Slukeevne, maks	m <sup>3</sup> /s	3,4	4,4	1,2
Slukeevne, min	m <sup>3</sup> /s	0,69	0,88	0,3
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	375	375	0
Planlagt minstevassføring, vinter	m <sup>3</sup> /s el. l/s	375	375	0
Tilløpsrør, diameter	mm.	1400	1400	700
Installert effekt, maks	kW	670	867	200
Brukstid	timar	7271	6983	8280

<b>PRODUKSJON***</b>				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,8	3,33	
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	0,9	1,07	
Produksjon, årleg middel	GWh	3,7	4,4	1,0
<b>ØKONOMI</b>				
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	11,3	11,3	
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,05	2,57	

\*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket

\*\*restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.


\*\*\* Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt fra

#### **Kleivelvi kraftverk, Elektriske anlegg**

<b>GENERATOR</b>		
Yting	MVA	800
Spanning	kV	0,69
<b>TRANSFORMATOR</b>		
Yting	MVA	1000
Omsetning	kV/kV	0,69/22
<b>NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)</b>		
Lengd	m	5
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		Jordkabel

## 2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Den planlagde utbygginga vil innebere å oppgradera eksisterande anlegg. I dette inngår ei fornying av den eksisterande inntaksdammen, nye røyr nedgravne i eksisterande røyrgatetrase, samt fornye kraftstasjonen. Ein vil bruke same type inntaksdam som er der i dag, men denne er i tre, slik at ein vil støype ny. Røyrgata som er der i dag er og av tre og ligg i dagen, denne vil ein erstatte med nye 1400 mm diameter røyr, som ein vil grave ned heile vegen. Røyrgatetraseen vert om lag 175 meter lang. Berørt elvestrekning blir om lag 200 meter. Anlegget er planlagt med ein Francis turbin, og vil få ein installert effekt på 0,67 MW som gjer ein midlare årsproduksjon på 3,7 GWh. Inngrep er illustrert i figur 6.



Bilde 6: Kart som viser elva Kleivelvi, samt inngrep; røyrgatetrasee, inntaksdam og kraftstasjon. Prosjektet består av ei opprusting og fornying av utbygginga.

### 2.2.1 Hydrologi og tilsig


Det var i januar 2012 utarbeidd ein hydrologi rapport av Gauldal Consult som er nytta til berekningar knyta til denne utbygginga. Det er ikkje gjort målingar i det aktuelle vassdraget. Ein nyttar data frå målestasjon 62.14 Slondalvatn som grunnlagsdata. I tillegg er det lagt til grunn ei viss erfaring, i og med at det er eit kraftverk i elva i dag.

62.14 Slondalvatn sitt feltareal på 41,86 km<sup>2</sup> inngår i Kleivelvi sitt feltareal på 96,31 km<sup>2</sup>, og ein har difor ikkje vurdert andre målestasjonar. Målestasjon Slondalvatn ligg berre om lag 800 meter frå inntaket til Kleivelvi. Felta har like høydeinterval, same brefaktor og samanlignbar sjøfaktor. Med sammenfallende områder følger også at felta har nær same nedbør, temperatur, fordamping og avrenningsmønster.


Feltkarakteristika er vist i tabell 1. Ein har nytta data frå 27 år (1984-2010). Årleg middelavløp for nedslagsfeltet er estimert til 6960 l/s.

**Tabell 1 Feltkarakteristika.**

Stasjon	Måleperiode	Feltarea l (km <sup>2</sup> )	Snaufjell (%)	Eff. Sjø (%)	Qn (l/s km <sup>2</sup> )	Qm (l/s km <sup>2</sup> )	Høydeint . (moh.)
62.14 Slondalvatn	1984-2010	41,86	83,76	2,72	81,06	71,86	1600- 705
Kleivelvi	-	96,31	89	1,75	72,27	-	1600- 700




Bilde 7: Døgnmiddelverdier, fordeling over året




Bilde 8: Maksimale døgnmiddelverider over året

Som ein ser av kurvene så har feltet typisk vårflaum frå snøsmelting samt noko haustflom.



Bilde 9: Varighetskurve, hele året



Bilde 10: Plott som viser årsvariasjoner i Kleivelvi

### 2.2.2 Overføringer

Utbygginga er ikkje planlagt med overføring.

### 2.2.3 Reguleringsmagasin

Det er ikkje reguleringsmagasin i dette prosjektet.

#### 2.2.4 Inntak


Inntaket ligg på kote 700 i Kleivelvi. Det er planlagt å bytta ut den allereie eksisterande dammen, som er av tre. I arbeidet med fornaya inntak vil ein lage til slepp av minstevassføring, samt overlaup med same dimensjon som i dag. Inntaksdammen vert forankra i fast fjell, og vil få overløp mot eksisterande elvelaup. Den vert om lag 25 meter brei, 2 meter høg og strekk seg 5 meter bak i elva, vassvolumet i dammen vert kring  $250 \text{ m}^3$ . Konus, inntaksrist, ventil, lufterøyr og røyr for slepp av minstevassføring vil bli installert i eit inntaksarrangement i kummen. Av sikringsomsyn vil dammen bli merka og sikra med stengsel. For prinsippskisse sjå figur 8.




Bilde 11: Dagens demning. Denne skal fornyast, men med same dimensjoner



Bilde 12: Dagens inntak. Minimale endringar.



Bilde 13: Inntaksdammen øvst i biletet, sett frå nordvest.



Bilde 14: Prinsippskisse som viser korleis inntaksdammen er planlagt.

## 2.2.5 Vassveg

### Røyrgata

Røyrgata er tenkt der den eksisterande røyrgata går i dag, på austsida av Kleivelvi. Planen i dette prosjektet er å ta vekk den gamle røyrgata som ligg i dagen, og erstatte den med nye røyr som ein vil grava ned heile vegen. Røyrgata vert om lag 175 meter lang og ein vil nytta PE-røyr med ein diameter på 1400 mm. Ein trykkstøytklosse, som tek opp kreftene fra røyrgata,

vil bli støypt i tilknyting til stasjonen. Røyrgatetraseen vil nyttast som midlertidig anleggsveg i byggjepersonen for å frakta røyra.




Bilde 15: Typisk bilde i røyrgatetraseen. ny røyrgate skal gravast ned.

Det skal ryddast ei om lag 20 meter brei stripe i røyrtreaseen. Etter anleggsperioden vil ein la området gro naturleg att. Terrenget er jamt hellende, og vegetasjonen består av blåbærskog med innslag av krekling, røsslyng og bjønnkam med meir. Elles er der innslag ei blanding av små- og storbregneskog og bjørkeskog. Røyrtreaseen er lett tilgjengeleg og har eit tynt morenedekke som gjer det greitt å grava røyrgata ned.

#### *Tunnelar*

Det skal ikkje byggast tunnelar.



**Bilde 16:** Bilete viser Kleivelvi og området kring. Her kan ein sjå fossen og stryket på elvestrekninga nedanfor.

### 2.2.6 Kraftstasjonen

#### *Stasjonsbygningen*

Dagens kraftstasjonen er plassert på kote 677 på austsida av Kleivelvi, kring 400 meter søraust for fylkesveg 307 (sjå figur 10). Kraftstasjonen er frå 1946 og er bygd i betong. Den er for liten for dagens standard og er også i relativt dårlig forfatning. Det vert difor naudsynt å riva det gamle bygget og byggja ein ny kraftstasjon.


Utbyggjar har ynskje om å vidareføra mogelegheita for framsyning av kraftverket, slik det har vore gjort tidlegare. I den forbinding vil ein ta vare på noko av det gamle utstyret, til dømes turbinen frå 1914, samt anna utstyr. Med ein moderne stasjon etter dagens standard og sikringsreglar, vert den såleis betre tilrettelagt for denne typen aktivitetar. Særleg med omsyn på sikkerheit i forhold til drift og framsyninga, er det naudsynt og fordelaktig med ein ny kraftstasjon.

Bygningen vil bli kring 8 brei, 10 meter lang, og 6 meter høg. Den skal utformast etter lokal byggjeskikk. Terrenget har ei jamn helling langs traseen og i stasjonsområdet er det relativt

flat skogsmark, særskild prega av blåbærskog. Vatnet frå stasjonen vil bli sleppt attende i det eksisterande elveleiet.

Stasjonen er samansett av følgjande:

- Det vil bli støypt ei plate i betong på kring  $8 \times 10$  meter som stasjonen blir bygd på. Sjølve stasjonen blir om lag 10 meter lang og 8 meter brei ( $= 80 \text{ km}^2$ ), samt 6 meter høg.
- Maskinsal med innstøypingsrøyr, hovudventil (hydraulisk m/fallodd), demontasjeboks, turbin, generator, og hydraulikkaggregat.
- Kontrollrom med naudsynte tavler og kontrollsysteem.
- Traforom med naudsynt høgspentanlegg og transformator.



**Bilde 17: Kraftstasjonen aust for Kleivelvi. Mjølfjell Ungdomsherberge oppe i venstre hjørne.**

Turbin og generator

Utbygginga har eit fall på 23 meter og det er planlagt nytta ein Francisturbin. Det er tenkt brukt ein synkrongenerator på 800 kVA. Omsetnaden for transformatoren blir i dette høvet 0,690/22 kV.

Avlaup

Vatnet frå stasjonen vil bli ført ut i det naturlege elveløpet til Kleivelvi. Avløpet blir sikra og merka slik at det ikkje blir tilgjenge for uvedkomande.

### 2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Anlegget er tenkt kjørt ved naudsynt tilsig gjennom heile året; 37 % full produksjon, 46 % redusert produksjon og 17 % stopp. Dette blir totalt kring 7271 driftstimar i året. Anlegget vil berre kjørast på tilgjengelig tilsig, og vil ikke kjørast med start / stopp kjøring eller lastkjøring.

<b>Prosjektdata</b>					
<b>Kommune:</b>	<b>Voss</b>				
<b>Prosjekt</b>	<b>Kleivelvi</b>				
<b>Hydrologiske data</b>					<b>Produksjonsforutsetninger</b>
Nedbørsfelt	km <sup>2</sup>	96,0			
Avrenning liter pr sek.	l/s/km <sup>2</sup>	72	<b>Virkningsgrader:</b>		
Inntak	m.o.h.	705	Turbin		88 %
Utløp	m.o.h.	675	Generator		96 %
Fallhøyde	meter	30	Transformator		99 %
Avrenning pr år	mill.m <sup>3</sup> /år	218,0	Rør		98 %
Flomtap og stopptid i prosent		25 %	<b>Virkningsgrad totalt:</b>		
Flomtap	mill.m <sup>3</sup> /år	54,5			82 %
Q- middel	m <sup>3</sup> /s	6,91	Vannhastighet	m/s	3
Q- maks	m <sup>3</sup> /s	3,40			
Slukeevne		49 %	Rørdiameter Innv	mm	1400
Innstallert effekt i kW		<b>670</b>			
<b>Av varighetskurve kan ein beregne følgjande driftstider:</b>					
	% av År	Timer	Effekt kW:	Total kWh:	
Full produksjon:	37,00	3241	<b>670</b>	2171653	
Redusert produksjon 2/3	33,00	2891	<b>442</b>	1278341	
Redusert produksjon 1/3	13,00	1139	221	251794	
Stopp	17,00	1489		0	
Total Årsproduksjon:		8760		3701788	
GWh				<b>3,70</b>	


### 2.2.8 Vegbygging

Fylkesveg 307 går fram til Mjølfjell Ungdomsherberge, som ligg kring 400 meter nordvest for tiltaksområdet. Vidare fra vandreheimen går Rallarvegen forbi tiltaksområdet og vidare mot Uppsete.

Det er vegtilkomst frå Rallarvegen ned til stasjonsområdet og ned til inntaksområdet. Avkjørselen frå vegen til stasjonen er kring 160 meter lang og ligg nord for kraftverket, avkjørselen til inntaket er kring 23 meter lang og ligg nord for dammen (sjå figur 11).

Vegen til kraftstasjonen treng ikkje anna arbeid eller oppgradering ut over grusing og vedlikehald. Vegane gjer området lett tilgjengeleg for tilsyn, vedlikehald og drift, samt den omsøkte opprustinga. I tillegg vil ein nytte rørtraseen som mellombels anleggsveg i byggjeperioden for transport av røyrlengder til røyrgata.

Det er ikkje behov for å utarbeide noko ny permanent eller mellombels veg. Ein vil nytta eksisterande parkeringsplass ved avkjøring som riggpass, samt noko areal rundt stasjonsbygningen.



**Bilde 18:** Kart som viser eksisterande vregar, rauda piler viser tilkomstvegar til stasjon og inntak.

#### 2.2.9 Massetak og deponi

Det vil ikkje vera behov for nye massetak og/eller deponi. Eventuelle overskotsmassar vil bli nytta til å jamne ut i røyrgatetraseen.

#### 2.2.10 Nettilknyting (kraftliner/kablar)

Anlegget er tenkt knytt til det lokale elektrisitetsverket, Voss Energi, slik det er i dag. Ein tek såleis sikte på ei utviding av dagens kraftutvekslingsavtale. E-verket disponerer i dag eit rom til ein transformator, anlegget er i dag kopla direkte til denne via ein kring 5 meter lang kabel, det er tenkt gjort på same måte etter utbygging.

På Voss Energi sin 22kV- distribusjonslinje/ledning frå Kleivafossen og til Urdland trafostasjon er det kapasitet til å kunne overføre denne auke i ny produksjon. Ved Urdland vil produksjon bli transformert opp og overført via 50kV-ledning til T3 i Voss Trafostasjon. T3 har i dag ein begrensning på 30MW og er i utgangspunktet fullasta. Voss Energi arbeider no med å få montert kjølevifter på denne transformatoren, noko som vil innebere ein auke i kapasitet på om lag 15%. 15% er det som hittil er sagt til oss, men Voss Energi vil be ABB om å få bekrefta kva me får av kapasitet og berekna nærmare uttak frå 50kV nettet vårt.

Dette kan bety at Kleivafossen til tider må akseptere å køyre med redusert produksjon etter avtale med Voss Energi. Voss Energi ynskjer seinare å få koma med uttale til – krav til RTU – høgspentmåling – effektbrytar.

Anleggsspesifikke deler kan byggjast under Voss Energi sin områdekonsesjon.

## 2.3 Kostnadsoverslag

Kleivelvi kraftverk	mill. NOK
Inntak/dam	0,5
Driftsvassveier	1,4
Kraftstasjon, bygg	0,60
Kraftstasjon, maskin og elektro	6,00
Kraftlinje	0,3
Transportanlegg	0,3
Anleggsvei	0,2
Uforutsett	1,2
Planlegging/administrasjon.	0,4
Finansieringsutgifter og avrunding	0,4
<b>Sum utbyggingskostnader</b>	<b>~ 11,3</b>

Prisane er oppgjevne etter dagens prisnivå (2016).

Prisen per kWh er 3,05 kr.

## 2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket

### Fordelar

#### Arbeidsplassar

Utbygginga vil i anleggsperioden skape kring 3-4 årsverk. I driftsfasen vil det skape kring 0,3 årsverk. Utbygginga vil også vera med å sikra arbeidsplassane på ungdomsherberget.

#### *Kraftproduksjon*

Tiltaket vil produsera kring 3,7 GWh rein og fornybar energi pr. år. Dagens anlegg produserar om lag 1,0 GWh. Ein må uansett gjera tiltak om ein skal fortsetja produksjonen i det gamle anlegget, difor reiknar ein med 3,7 GWh ny energi. Dette bidreg til ei betre energiforsyning i området.

#### *Visuelt*

Dagens inntak, røyrgate og stasjonsbygning vil rives og erstattast med ny dam i same størrelse men laga i betong. Ny røyrgate vil vera nedgraven, i motsetnad til dagens røyrgate. Ny stasjon som riktig nok er større enn den gamle, men som visuelt vil gli betre inn i landskapet. Slipp av minste vassføring vil gi et betre visuelt bilet av elva ved vassføringar der ein før tørrla elva.

### *Formidling*

Utbyggjar har eit ynskje om å syne kraftstasjonen til interesserte slik den er i dag, til dømes skuleelvar. Ein vil i den forbinding ta vare på den gamle turbinen som er frå 1914, samt anna utstyr frå 1919 og ein del av den gamle utforminga i stasjonen. I tillegg er det ynskje om å visa kor kraftproduksjon er kome i utviklinga i dag, med moderne utstyr og utforming. Dette vil det verha tilrettelagt for i kraftstasjonen, og ein ser det som hensiktsmessig særleg med omsyn på sikkerheit. Kraftstasjonen vil etter fornyinga i dette prosjektet vere ein sikrare stad, samt betre tilrettelagd for framsyning enn den er i dag.

### Ulempar

Den største ulempa med tiltaket er fraføring av meir vatn enn før, både med tanke på livet i elva og det visuelle ved elvestrengen. Ein nær tredoblar maks uttak av vatn. Det visuelle med installasjonane som følger av utbygginga vil ikkje vera ei ulempa, da hovedelementa allereie finnes i dagens anlegg.

## 2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

### Arealbruk

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	<b>NA</b>	<b>NA</b>	
Overføring	<b>NA</b>	<b>NA</b>	
Inntaksområde	<b>250 m<sup>2</sup></b>	<b>125 m<sup>2</sup></b>	
Røyrgate	<b>3500 m<sup>2</sup></b>	<b>700 m<sup>2</sup></b>	Traseen blir 175 meter lang og kring 20 meter brei i anleggsperioden (under drift kring 4 m brei).
Riggområde			Nyttar stasjonsområdet og parkeringsplass
Vegar	<b>NA</b>	<b>NA</b>	Eksisterer i dag
Kraftstasjonsområde	<b>350 m<sup>2</sup></b>	<b>150 m<sup>2</sup></b>	80 m <sup>2</sup> grunnflate
Massetak/deponi	<b>NA</b>	<b>NA</b>	
Nettilknyting			Inne i stasjonen

## Eigedomstilhøve

G.nr. 151 bnr. 20	Mjølfjell Ungdomsherberge AS
G.nr. 151 bnr. 2	Bruk er eige av andre, men fallrettane er eige av Mjølfjell Ungdomsherberge AS

Utbyggjar eig anlegget, tomta og influensområdet (bnr. 20), samt fallrettane i elva. Kraftverket har vore i drift sidan 1946, og det har ikkje vore konflikter knytt til fallrettane.

## **2.6 Forhold til offentlege planar og nasjonale føringar**

Skildring av tiltaket i høve til:

### Fylkeskommuneplanen

Fylkesdelplanen for utbygging av små vasskraftverk at Hordaland stillar seg positiv til utbygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er i varetatt. Her er det understreka at biologisk mangfold og verdifulle naturområde skal takast omsyn til. Det skal ikkje byggast i INON område eller i verna vassdrag (over 1 MW). Kulturarv er særskilt viktig å ta vare på. Men der det er tilrettelagt for det, er det også viktig og nytta naturressursane til og skapa fornybar og grøn energi.

### Kommuneplan

Området ligg i uregulert område, i arealdelen av gjeldande kommunedelplan er området disponert til næringsformål.

### Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ein del av Vossovassdraget (062.F). Vossovassdraget er eit verna vassdrag som strekk seg over 6 kommunar, Voss, Aurland, Ulvik, Vik, Kvam og Vaksdal. Vassdraget er GEO fagleg verdifullt, og har ei lang lakseførande strekning. Det er også spor etter jernalderen ved elva, som gjer den verdifull. I fylkesdelplanen for små kraftverk i Hordaland (2009-2021) heiter det at ein kan bygge ut kraftverk til maks 1 MW i verna vassdrag. Det er fleire utbygde kraftverk i Vossovassdraget i dag, til dømes Eimstad kraftverk (0,02 MW), Rognsfossen kraftverk (6MW) og Syrifossen kraftverk (2,84 MW).

Av elvene som omfattast av vernet i Vossovassdraget er det Raundalselva som strekker seg opp mot det omsøkte prosjektet.

### Nasjonale laksevassdrag

Vossovassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag, då Kleivelvi er ei sideelv i Vossovassdraget, og den dermed del av eit Nasjonalt laksevassdrag. Kleivelvi ligg ovanfor anadrom strekning.


### EUs vanndirektiv

Me finn ikkje omtale av Kleivelvi konkret i vassforvaltningsplan, men Raundalselva er kartlagt. Den er klassifisert som liten, klår og svært kalkfattig. Kleivelvi eller Raundalselva er ikkje omhandla spesielt i tiltaksprogram 2016-2021 vassregion Hordaland. Det omsøkte tiltaket er for lite til å isolerast som egen vassforekomst. I forhold til dagens kraftverk vil endringane vera meir vatn i elvestrekningen ved lav vassføring, og noko meir fråføring av vatn ved større vassføringar.

### Eventuelt andre planar eller beskytta område

Ingen andre ting er kjent.

### 3 Verknadar for miljø, naturressursar og samfunn



Bilde 19: Nedslagsfeltet til Kleivelvi, 96,31 km<sup>2</sup> merka med svart. Den nedste delen avgrensa med blått er nedslagsfeltet til Slondalvatn, 41,86 km<sup>2</sup>. Merka med raudt til venstre i biletet er restfeltet på 0,075 km<sup>2</sup>.

#### 3.1 Hydrologi

Det vart i januar 2012 utarbeidd ein hydrologisk rapport av Gauldal Consult og opplysingane under er henta frå denne rapporten. Det er ikkje gjort målingar i den aktuelle elva, men ein har brukta data frå ein samanlikningsstasjon som ligg innanfor nedslagsfeltet til Kleivelvi. Såleis har ein unik nærleik til samanlikningsstasjonen, og kan dermed visa til temmeleg nøyaktige data.

I

den hydrologiske rapporten til Gauldal Consult er det gjort utrekningar basert på nedslagsfeltet til Kleivelvi rekna til 96,31 km<sup>2</sup>. Skaleringsfaktoren er 2.053. Normalavlaupet til Kleivelvi er rekna til 72,27 l/s km<sup>2</sup> som tilsvara midlare årsavlaup på 219,5 mill.m<sup>3</sup>.

Vassdraget har dominerande vårflaumar og lågvassperiode på vinterstid. Alminneleg lågvassføring i Kleivelvi er rekna til 375 l/s. Minstevassføring er planlagd lik alminneleg lågvassføring, altså 375 l/s.

Vassdraget har store vår- og haustflaumar.. Lågvassføringa inntreff stort sett sein haust og vintersesongen.

#### *Vassstandvariasjonar*

Det er funne at årsavlaupet i Kleivelvi har variert mellom 4,69 og 9,63 m<sup>3</sup>/s. I perioden er 1996 det tørreste året og 2007 det mest vassrike året, basert på årvolum. 1994 representerer eit middels år.

5 persentil for vassføring i perioden 1.5 – 30.9 (sommarhalvåret) og i perioden 1.10 – 30.4 (vinterhalvåret) for Kleivelvi er anslått med utgangspunkt i målestasjon 62.14 Slondalvatn.

5 persentilen ved hovudinntaket til kraftverket i Kleivelvi er rekna til å vera:

- Sommarsesongen (1/5 – 30/9): 2386 l/s
- Vintersesongen (1/10 – 30/4): 312 l/s

Det er lagt inn følgjande føresetnader;

1. Ei minstevassføring på til saman 0,375 m<sup>3</sup>/s gjennom heile året.
2. Største slukeevne for turbinen er 3,40 m<sup>3</sup>/s
3. Minste slukeevne for turbinen er 0,69 m<sup>3</sup>/s

Kurvane seier oss mellom anna dette;

	Dagar med vassføring > maksimal slukeevne + planlagd minstevassføring	Dagar med vassføring < minste slukeevne + planlagd minstevassføring
Tørt år (1996)	148	157
Middels år (1994)	178	85
Vått år (2007)	204	19

Dagens anlegg har ei største slukeevne på 1,2 m<sup>3</sup>/s og ei minste slukeevne på 0,3 m<sup>3</sup>/s. Dagens anlegg har ikkje slepp av minstevassføring. Tabellen under viser litt av korleis dette påverkar elvestrekninga. For eit middels år er det 19 dagar der anlegget ikkje er i drift, og der alt tilsiget går i elvestrekninga. I 77 av døgna anlegget er i drift, nytta ein alt vatnet, slik at elva vert tørrlagt. I 92 dagar er anlegget i drift, men elvestrekningen får mindre vatn enn planlagt minstevassføring.

	Dagar med for lite vassføring for drift i dagens anlegg	Dagar med drift der ein tørrlegg elva med dagens anlegg	Dagar med drift der vassføringa i elva er mindre enn planlagd minstevassføring, 375 l/s
Tørt år (1996)	63	96	103
Middels år (1994)	19	77	92
Vått år (2007)	0	43	72

### *Restfelt*

Tilsig frå restfeltet nedstraums inntaket på utbyggingsstrekninga vil vera med og auka restvassføringa. Storleiken på restfeltet mellom inntaket og utlaupet er omlag  $0,075 \text{ km}^2$  og tilsiget frå restfeltet ved kraftverket er på  $0,0033 \text{ m}^3/\text{s}$ . Det er ikkje sidebekkar av betyding som kjem inn på strekninga der elva går i røyr, slik at restvassføringa gradvis aukar nedetter elvestrengen. I lågvassperiodane vil bidraget vera ekstra lite.

### 3.2 Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima

#### Situasjonen i dag

Vassdraget er prega av store vår- og haustflaumar. Lågvassføringa gjer seg spesielt gjeldande om vinteren, men førekjem også sein haust.

Voss kommune ligg i overgangen mellom kyst- og innlandsklimaet, Kleivelvi ligg langt aust i kommunen, men har likevel mykje nedbør. Området er prega av generelt kalde vinrar, middeltemperaturen ligg på omkring -3 og -5 grader. Nedbøren og generelt lav temperatur fører med seg eit stabilt snødekk vinterstid. Ved dagens vinterdrift av eksisterande anlegg bruker ein alt tilgjengelig vatn, såframt ikkje vassføringa er mindre enn minste driftsvassføring.

#### Anleggs- og driftsfasen

I forhold til dagens situasjon vil det vinterstid etter utbygginga sleppast minstevassføring. Mulig minstevassføringa vil føre til meir is i elva, men ein ser ikkje føre seg problem med kjøving og isoppbygging. Hovudsakleg grunna snødekk over isen. Denne utbygginga er derfor venta å ha liten eller ingen påverknad på vasstemperatur og is

### 3.3 Grunnvatn

Grunnvassressursane er ikkje kartlagde, men me vil tru at denne utbygginga i liten grad vil røra ved grunnvassressursane.

### 3.4 Ras, flaum og erosjon

Vassdraget har dominerande vår- og haustflaumar. Lågvassføringa inntreff særleg i vintersesongen, men førekjem også sein haust. Elvestrekningen er dominert av bart fjell og ei jamn slak helling, det er ikkje venta noko vesentleg rasfare. NVE Atlas viser også at området ligger utanfor fareområde for skred, snøskred, steinsprang osv. Dagens anlegg har ikkje vært utsatt for skred, og har ligger med røyrgate i dagen sidan 1946.

#### *I anleggsfasen*

I anleggsfasen vil ein leia vatnet vekk frå det naturlege elveleiet i inntaksområdet for å få området tørt; noko som igjen vil gje lite ureininga av elva i anleggsfasen. Vassføringa i elva vil ikkje bli påverka nedstraums anleggsområdet.

Under anleggsfasen er det heller ikkje grunn til å tru at det vil vera fare for erosjon, då bergrunnen består av fast fjell.

Ved arbeidet med inntak og røyrgate vil ein søkje å unngå arbeid i flaumperiodar for og skåna landskapet rundt.

#### *I driftsfasen*

Dei største endringane i forhold til dagens situasjon er fråføring av meir vatn, samt slipp av minstevassføring. Ein kan argumentere at disse endringane fører til jamnare vassføring i elva, som igjen reduserer risikoen for ras og erosjon. Men med ei relativ lita maksimal driftsvassføring og relativt store flomtoppar, vil situasjonen være omtrent som før.

Det er ikkje observert erosjonsskadar i elva under synfaring, og ein ser heller ikkje grunn til å anta at der er ein fare for det, då bergrunnen består av kvartsitt og andre harde bergartar.

### 3.5 Raudlisteartar

Det er ikkje registrert raudlisteartar, eller andre truga naturtypar i tilknyting til tiltaks- eller influensområdet. Men den biologisk mangfald rapporten peikar på at Linerele og Fossekall er tilknytt vassdraget langs Kleivelvi. Rapporten om biologisk mangfald viser til at tiltaket vil føre til slipp av minstevassføring på dagar der ein i dag frafører all vassføringa.

*Liten verdi og liten positiv verknad gjer samla ubetydeleg konsekvens (Biologisk mangfald rapport).* Ein har altså ikkje raudlisteartar i tiltaks- eller influensområdet, men tiltaket reduserar ikkje mogelegheita for slike artar å etablere seg i området.

### 3.6 Terrestrisk miljø

Utbyggjar har fått utreda det biologiske mangfaldet i utbyggingsområdet med hjelp frå Rådgivende Biologer AS, og opplysninga under er i tillegg til lokalkunnskap, henta frå deira rapport. I tillegg har Moe (2005) skrevet naturtypekartlegging etter DN handbok 13 for Voss kommune og Rådgivende Biologer AS har utarbeidd fleire rapportar på landbruk, biologisk mangfald, fisk og ferskvassøkologi for kraftutbyggingar i Raundalen (Eilertsen & Johnsen 2011, Hellen m.fl. 2011, Ihlen m.fl.) Det er også gjort ei konsekvensutgreiing for ei modifisert utbygging av Kleivelvi (Johnsen m.fl. 2011). Voss kommune har også gjennomfør ein kartlegging av mange viltområder, og det er ikkje eksisterande eller føreslegne verneområder i influensområdet (Biologisk mangfald rapport).

Influensområdet for Kleivelvi kraftverk er frå inntaket kring kote 700 og ned til stasjonen og avlaupet kring kote 677. Dette er ein elvestrekning på 200 meter. Vassføring høgare enn maksimal driftsvassføring går over overlaup i inntak og følger Kleivelvi på strekningen. Når det er mindre tilsig enn minste driftsvassføring pluss minstevassføring, så slepnes alt i Kleivelvi. Alt vatnet som brukast til energiproduksjon er berre borte frå vasstrengen i omlag 200 meter.

Det er ikkje gjort registreringar av naturtypar etter DN handbok 13 (2007) i forbindning med kartlegging av biologisk mangfald. Dei to fossane langs elvestrekningen, er for små til og avgrensast som eigne naturtypar. Den nærmaste naturtypen som er gitt verdien "viktig", er Skredteigane som er ei sørsvendt "berg og rasmark" kring 650-100 moh i den nord vestvendte fjellsida av Mjølfjell (Biologisk mangfald rapport).

Berggrunnen i området er kvartsitt, og andre harde bergtypar som pyroksenamfibolitt, diorittisk og tonalittisk gneis. Bergtypane er harde, og motstandsdyktige mot erosjon, og gjer lite næring til vegetasjon. Utover stort sett bart fjell kring elvestrengen er det eit tynt morenedekke sør og aust for elva.

Kommunen ligg i overgangen mellom kyst- og innlandsklimaet, Kleivelvi ligg langt aust i kommunen og er difor prega av innlandsklimaet, men har på tross av det relativt mykje nedbør. Det er mykje snø om vinteren, og store vårflaumar som følgje av snøsmeltinga.

Ut i frå ei inndeling i vegetasjonssonar og vegetasjonsseksjonar, ligg influensområdet ligg i den nordboreale vegetasjonssonan, og svakt innanfor den oseaniske seksjonen (O1). Vegetasjonen i området domineras av Blåbærskog med krekling, røsslyng, blåbær, bjønnkam og slyng i feltsjiktet, og bjørkeskog i tresjiktet. Nokre stadar går vegetasjonen over i ein blanding av små- (A5) og storbregneskog (C1). I botnsjiktet i skogen er det registrert vanlege artar som gåsefotkjeggmose, sigdemoseartar, stripefoldmose, torvmoseartar, etasjemose og

furumose (utfyllande oppramsing i biologisk mangfald rapport). Mose-, Karplante- og lavfloraen langs Kleivelvi og i influensområdet står fram som vanlege og typiske for distriktet, biologisk mangfald rapport tileignar difor dette temaet lite verdi (Biologisk mangfald rapport).

Hovuddalføret i Raundalen er sett på som eit svært viktig leveområde og trekkvegar for elg og hjort, og dalføret opp til Mjølfjell er sett av til vinterbeite for elg. Det er mogleg at det kjem streifdyr gjennom området. Hardanger villreinområde strekkjer seg frå fjellområde frå Kleiven gard og austover, men reinen bruker sjeldan områda så langt vest (Ihlen m.fl. 2010). Fuglefaunaen består, forutan linerle og fossekall nemnt under "Raudlista artar", av vanlege artar. Det er ikkje registrert andre artar i området i Artdatabanken sitt Artskart ([www.artskart.no](http://www.artskart.no)).

#### *Oppsummert*

Vurderinga av utbygginga i forhold til terrestrisk miljø i vassdraget er vurdert som "*Liten til middels verdi og liten negativ til ingen virkning gir liten negativ konsekvens (-)*", i følgje biologisk mangfald rapporten.

### **3.7 Akvatisk miljø**

#### Dagens situasjon

Elvelaup er i dag gitt verdien "nær trua"(NT) i raudliste naturtypar, Kleivelvi er difor i seg sjølv ein verdifull naturtype, og er vurdert til å ha middels verdi i biologisk mangfald rapport. Kleivelvi har ingen spesielle verdiar i forhold til fisk og ferskvassorganismar, og det er gjennom utsetjing og prøvefiske i omliggjande vatn, påvist noko forsuring, men god kvalitet for aure. Det er forventa at fisk oppstrøms influensområdet kan sleppa seg nedover i tiltaksområdet. Botndyr-faunaen er undersøkt 10 gonger og det er ikkje påvist raudlista artar, men noko forsuring.

